




TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Administrasjonen

Det Kongelige Kunnskapsdepartement

Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Vår ref. REIL

Dato 22.01.08



Sak

Sender sak Høring NOU – 2007 – 11 studieforbund-læring for livet.

Vedtak i den politiske behandling blir ettersendt.
Møte i hovudutval for kompetanse 7. februar 2008

Med hilsen

Liss Haraldsen Reite
konsulent - servicesenteret
utvalgssekretær
liss.reite@t-fk.no



Sak nr. 4/08

HØRING - NOU 2007-11 STUDIEFORBUND-LÆRING FOR LIVET

Arkivsaksnr.: 07/2540
Arkivkode: A00
Møtedato: 24.01.2008
Saksbehandler: Knut Alsaker
Saksordfører: *
Behandling i:
4/08 Yrkesopplæringsnemnda
/ Hovudutval for kompetanse

Forslag til vedtak frå fylkesrådmannen

- 1. Fylkeskommunen sluttar seg til Tron-utvalet si innstilling om at fylkeskommunen kan få eit meir samla ansvar for opplæring av vaksne. Forutsetninga for dette er at det gis økonomisk kompensasjon frå staten for det ekstra ansvar dette inneber.*
- 2. Studieforbunda vil ha ein viktig rolle i alle typar kurs/opplæringstiltak som ligg utanfor dei formelle læreplanane Dette gjeld områder som kultur, folkeopplysning, likeverd,, deltaking, demokrati, integrering og inkludering.*
- 3. Dersom studieforbunda skal tilby formell vidaregåande opplæring må dette gjerast ut frå dei same kvalitetskrav som ved dei offentlege skolar.*
- 4. Ein nærare utgreiing frå Kunnskapsdepartementet må ligg føre, før ein kan ta stilling til ein endra ansvarsfordeling mellom kommunar og fylkeskommunar for vaksne som har rett til grunnopplæring.*

Problemstillinga i få ord

Regjeringa oppnemnte 27.oktober 2006 eit utval for å vurdere ein vidareutvikling og styrking "av studieforbundenes rolle som opplæringsaktører og bidragsytarar i det frivillige Noreg". Utvalet gav si innstilling i september 2007 "Studieforbund-læring for livet". Innstilling har eit samandrag, sidene 12-17, dette følg med som vedlegg.

Saksopplysningar

Sentrale punkt i innstillinga frå utvalet

Utvalet foreslår følgjande: "

1. De overordnede mål for studieforbundenes virksomhet skal være:
- å bidra til å vedlikeholde og styrke demokratiet og legge grunnlaget for

- bærekraftig utvikling ved å engasjere og utvikle aktive medborgere
- å gjøre det mulig for mennesker å påvirke sin egen livssituasjon
 - å bekjempe utstøting og bidra til inkludering
 - å bidra til å motivasjon og tilgang til kunnskap og kompetanse for alle og slik møte behov i et samfunn og arbeidsliv i stadig endring
 - styrke kulturtelt mangfold og øke deltakelsen i kulturlivet.”
2. Det lagast ein ny, felles lov for all ikkje- formell utdanning som vil omfatte studieforbunda, folkehøgskolane, fjernundervisningsinstitusjonar og ein del skolar i privatskoleloven (dei omtalte 6 a skolane, som er midlertidig godkjenne fram til 2010)
 3. Fylkeskommunen sitt ansvar for å leggje til rette for vaksne sin læring styrkes :
 - ansvaret for grunnskoleopplæringa for vaksne samlast hos fylkeskommunen
 - fylkeskommunen får ansvaret for å møte dei vaksne og regionen sitt behov for kompetanse
 - studieforbunda bør bli viktige samarbeidspartnarar for fylkeskommunen
 Utvalet seier at ”fylkeskommunens ansvar for å tilrettelegge voksnes læring må omfatte mer enn å ivareta retten til videregående opplæring. Det er fornuftig å samle ansvaret for all grunnopplæring for vaksne hos fylkeskommunen, og bestemmelsene om voksnes rett til opplæring bør orienters sterkare mot de voksnes behov”
 4. Studieforbunda skal i hovudsak arbeide med ikkje – formell opplæring i frivillig sektor ,men kan , der de dokumenterer god nok kompetanse, etter avtale med regionnivået, også gi tilbud om formell utdanning.
 5. Nye regler for godkjenning av studieforbund. Utvalet oppmoder til å redusere talla på studieforbund (nå 20 stykk)
 6. Utvalet foreslår ein statleg 3 –dela finansiering av studieforbunda
 - grunntilskott til studieforbunda
 - opplæringstilskott med utgangspunkt i tidleg aktivitet
 - økt tilskott for grupper som har behov for tilrettelagt opplæring
 - Utvalet foreslår vidare ein statleg ”kulturpott” som fordelast gjennom fylkeskommunane.

I innstillinga legg ein stor vekt på å få fram brukar og samfunnsperspektivet i vurderinga av studieforbundas framtidige rolle, bl.a. gjennom

- skape eit enklare system for læring for vaksne
- å etablere ” en –dørs” politikk, det gir lettare tilgang til veileining og opplæring
- utvikle fleksible undervisningstilbod , bl.a. opplæring som kombinerer delar frå grunnskole og vidaregåande opplæring.
- gjere lovbestemt opplæring tilgjengeleg og tilrettelagt ut frå dei vaksne sin behov, bl.a. gjennom auka bruk av realkompetansevurdering .
- eit bredt samarbeid mellom ulike aktørar bl.a. NAV, fylkeskommunen, regionalt arbeidsliv, frivillig sektor og utdanningsmyndigheitar.
- finne ein hensiktsmessig studieforbundsstruktur.

Studieforbunda har gjennom sitt arbeid nådd ut til grupper av menneskjer som vanlegvis ikkje har særleg utdanning, og har på den måten ein del fortrinn det offentlege kanskje ikkje har. Studieforbunda har den fordel at dei ikkje oppfattast som tradisjonell skole og kan difor virke meir attraktive på vaksne som har hatt dårleg røynsle med eigen skolegang. I tillegg veit vi at studieforbunda ofte tilbyr sine kurs på tidspunkt som passer betre for vaksne med familie og andre pliktar.

Utvalet peiker på at den type opplæring studieforbunda tilbyr, og er av stor verdi for den utvikling som skjer i regionen. Utvalet har vurdert korleis studieforbunda og fylkeskommunen kan arbeide saman på ein betre måte, og ber om at det inngåas regionale "partnerskapsavtaler" med sikte på å styrke kompetansen i regionen.

Utvalet peiker på at studieforbunda må fornye seg og aktivt ta tak i eigen rolle, synleggjere sin eigenart og på den måte bli ein attraktiv samarbeidspartnar innan utvikling av kompetanse.

Vurdering frå fylkesrådmannen

Studieforbunda er, etter fylkesrådmannens oppfatning, et alternativ og et supplement til offentlige utdanningsinstitusjonar og bidrar til å styrke den ikkje-formelle kompetanse hjå den enkelte og i samfunnet.

Fylkesrådmannen meiner at studieforbunda fortsett har ein viktig oppgåve innan:

- ikkje-formell opplæring ikkje lenka opp av pensa og eksamenar
- vere "døråpnar" for utdanning overfor grupper dom fell utafør arbeidslivet og overfor personar som manglar grunnleggjande ferdigheiter
- motiveringsarbeid for å få fleire vaksne til å auke eigen kompetanse, bl.a. stimulere eigne kursdeltakare til å forsette i formell utdanning.

Fylkesrådmannen ønskjer difor å trekke studieforbunda aktivt inn i den regionale samfunnsutvikling og spesielt på områder der dei har spesiell kompetanse t.d. opplæring av personar med store lese og skrivevanskar.

Fylkesrådmannen ser det som positivt at fylkeskommunen får eit samla ansvar for vaksenopplæringa. Dette er i tråd med det arbeid som vi har gjort bl.a. ved å etablere karrieresenter i samarbeid med NAV og kommunane. Vidare er det etablert eit særst godt samarbeid med studieforbunda i fylke. Eit godt opplæringstilbod for vaksne er helt naudsynt dersom fylkeskommunen skal lukkast i sitt regionale utviklingsarbeid.

Viss fylkeskommunen får ansvar til å fordele økonomiske midlar til studieforbunda, må dei og ha moglegheit til å gje desse midlar i samsvar med vedtekne planer i fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen ligg til grunn at departementet klarer av rammene for ein overføring av eit større ansvar til fylkeskommunen slik at omfang og økonomi blir klårgjort, spesielt forholdet mellom opplæring av innvandrar / framandspråklege og generell grunnskoleopplæring for vaksne.

Mykje tyder på at det er eit stort etterslep å dekkje, når det gjeld grunnskoleopplæring for vaksne.

Når ein tar opp ein funksjonsendring mellom kommunane og fylkeskommunane når det gjeld grunnopplæring, kan det være på sin plass og sjå på andre grenseområde, t.d. undervisning i barnevernsinstitusjonar, undervisning av autistar /sterkt funksjonshemma og den kommunale helseteneste i vidaregåande skoler.